



Venstre

Miljøpartiet Dei Grøne

Forslag til vedtak i sak 16/10383

Aust-Agder fylkeskommunes økonomiplan 2017-2020, budsjett 2017 og regionale utviklingsprosjekter 2017

Fylkestingets eldste og fylkestingets yngste parti - Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne - tar utgangspunkt i eit grundig, solid og framtidsretta budsjettforslag frå fylkesrådmannen, i tråd med viktige mål i Regionplan Agder 2020. Fram mot endelig budsjett er vi også innstilte på å støtte og innarbeide gode forslag frå både posisjonen og andre parti i opposisjonen.

Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne støttar hovedmålet i Regionplan Agder 2020 om å utvikle ein sterk og samla landsdel som er attraktiv for busetting og næringsutvikling både i kystsonen og i dei indre distrikta. For å møte utfordringane vi nå står overfor, er det viktig å støtte opp om tiltak som fremmer utvikling og skapar arbeidsplassar. Status i november 2016 er at Aust-Agder har ei arbeidsløyse på 3,4 %, som er blant det høgaste i landet. Dette handlar om 1.974 personer, 60 personer færre enn i september, og 186 færre enn i september 2015. Tilrettelegging for nyetableringar og vidareutvikling av eksisterande næringsliv er viktige satsingsområde for å bidra til ei bærekraftig utvikling og auka regional konkurransekraft.

I høst trådde Paris-avtalen i kraft, og miljøpartia Venstre og Dei Grøne meiner at fylkeskommunen må vere ein aktiv pådrivar for å være med å nå måla om utsleppskutt av klimagassar som må til for å begrense den globale oppvarminga til under 1,5 gradar innan utgangen av århundret. Vi må gjere kutt i eigen organisasjon, og må også ta grep for å hjelpe både kommunar, bedrifter og folk flest til å være med på omstillingen. Vi meiner at satsing på nye arbeidsplassar, levande distrikt og eit framtidsretta næringsliv er ein del av løysinga.

I fylkesrådmannens økonomiplan og budsjett for 2017-2020 er det lagt opp til ein

samla investeringskostnad på 1 246 800 mrd. kroner. Bygging av ny videregående skole i Tvedstrand, vedtatt fylkesvegplan og byggetrinn 2 på Sam Eyde vgs er dei største investeringane. Vi ser behovet for høgt investeringsnivå på fylkesvegar og særleg gang- og sykkelvegar. I budsjettet prioriterer vi sammenhengande gang- og sykkelveg frå Froland til Arendal høgare enn det som er gjort i fylkesvegplanen. For å skaffe oss økonomisk rom utsetter vi et veiprosjekt med planlagt oppstart i 2017. Vi meiner at gang- og sykkelvegen er så viktig for trafikksikkerheit og som klimatiltak at dette er riktig.

Vi vil, med grunnlag i fylkesrådmannens forslag, utvikle fylkeskommunen i stadig grønnare og meir sosial retning, med ein langt meir aktiv kulturpolitikk som prioriterer hverdagskulturen på en helt annen måte. Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne meiner det er rom for eit skikkeleg løft på kulturfeltet, eit løft som kan gjere at vi nærmar oss andre fylke i kunst- og kulturproduksjon, skaping av arbeidsplassar i regionen og heilårsaktivitet. Grunngjevinga for kvart enkelt forslag til auka løyvingar er den same: Styrke kulturarbeidsplassane, styrke organisasjonar og institusjonar som driv heile året. Sist, men ikke minst, er forslaget vi legger frem et budsjett med et klart fokus på å beholde og videreutvikle levende distrikter i hele Aust-Agder.

Endring i forhold til fylkesrådmannens budsjettforslag. Alle summar under er i 1000 kr. Negativt fortegn under "Investering" og "Drift" gir innsparing, positivt fortegn øker utgiftene:

TILTAK	NOTE	2017	2018	2019	2020
Investering					
Gang- og sykkelvei Blakstad bru - Blakstadheia - Libru	1	600	20 000	30 000	0
Utsette oppstart FV409 Krøgenes-Tromøybru til 2020	1, 33	-22 000	-25 000	-18 000	22 000
Sum endring investering		-21 400	-5 000	12 000	22 000
Drift					
Endre bussrute 102 (Arendal) til å gå innom Skilsøy fergeleie	2	100	100	100	100
Klimakoordinator/miljøambass adør-stilling (halvårseffekt i 2017)	3	450	900	900	900
Vitensenteret: Utviklingskostnadar for	16	167	168	0	0

program som er ønskt av videregående skolar					
Vitensenteret: Gjennomføringskostnad inkl. transport	16	285	285	285	285
Forsøksprosjekt med ambulerande kjeveortoped	19	300	600	600	600
Helsesøster/ny stilling fagperson psykisk helse	20	850	850	850	850
Tilskot til kulturformål, pengar det kan søkast på	23	400	400	400	400
Sørnorsk filmsenter, formidlar tilskot og oppdrag til heilårs filmbransje i regionen	23	144	144	144	144
Bomuldsfabriken Kunsthall, heilårs utstillingsverksemnd	23	164	164	164	164
Sørnorsk Jazzsenter, heilårsaktivitet	23	45	45	45	45
Bokbyen ved Skagerrak, heilårsaktivitet	23	42	42	42	42
Aust-Agder Musikkråd, heilårsaktivitet	23	79	79	79	79
Norges Musikkorps Forbund Sør, heilårsaktivitet	23	28	28	28	28
Agder Kunstnersenter, heilårsaktivitet	23	24	24	24	24
Sørlandsutstillingen, årlege utstillinger	23	17	17	17	17
Kulturstipend, to stipend opp 10000 kr kvar	23	20	20	20	20
Kulturprisen	23	10	10	10	10
Bygningsvernprisen	23	10	10	10	10
Agder Historielag, heilårsdrift	23	34	34	34	34

Arendal kulturhus, heilårsdrift	23	425	425	425	425
Nordisk Informasjonskontor, heilårsdrift	23	28	28	28	28
DS Bjoren	23	40	40	40	40
Tilskot til kunstproduksjon, som kan gi kunst- og kulturlivet lettare tilgang til også andre finansieringskjelder	23	200	300	400	500
Bibliotek - styrking av skolebiblioteka i vgs	23	200	300	300	300
Friluftsråda, auka tilskot	24	58	58	58	58
Tilrettelegging for friluftsliv, øyremerka kyststi Grimstad	25	500	0	0	0
Auka tilskot til entreprenørskapsmobilisering, øremerket grønne næringar (RUP Aust-Agder)	28	500	0	0	0
Ikkje opprette ny juriststilling	33	-500	-900	-900	-900
Auka advokatutgifter (følger av ingen ny juriststilling)	33	100	300	500	500
Lågare driftsfinansiering av fylkesvegar (følger av endra investering)	33	-1 900	-1 900	-1 900	-1 900
Sum endring drift		2 790	2 541	2 673	2 773
Finansiering driftsendringar					
Utfasing seniortiltak (forslag frå Pensjonistpartiet for 2016)	33	280	470	650	650
Ubrukte regionale utviklingsmidler	33	500	0	0	0
Disposisjonsfond	33	2 010	2 071	2 023	2 123

Resultat av budsjettforhandlingane i Stortinget	33	?	?	?	?
Sum finansiering		2 790	2 541	2 673	2 773

Samferdsel og miljø

Tiltak med budsjettkonsekvensar

1. Fylkestinget forsterkar satsinga på gang- og sykkelvegar i tråd med vedtatte planar og innspel frå kommunane. I tillegg til vedtatt fylkesvegplan vil Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne raskare i gang med gang- og sykkelveg Blakstad bru-Libru. Vi vil planlegge i 2017 og starte bygging i 2018 frå Blakstad bru mot Blakstadheia. Vidare vil vi fortsette med gang- og sykkelveg frå Risør sentrum mot Vinterkjær, med sikte på å kome frå Østebø til Bossvik i denne perioden.
Vi skaper økonomisk rom i investeringsbudsjettet ved å utsette bygginga av FV409 Krøgenes-Tromøybrua. Dette gir oss også meir å gå på i driftsbudsjettet ved å begrense driftsfinansieringa av fylkesvegar.
2. Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne støtter Høgres gjentatte forslag om at buss går nedom Skilsøy ferjeleie for å betre samordninga buss-båt. Vi har lagt inn et beløp i vårt budsjett for dette som trenger kvalitetssikring.
3. Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne ønsker å opprette ei stilling i fylkeskommunen som klimakoordinator/miljøambassadør med spesielt fokus på samhandling med kommunar i tillegg til fylkeskommunens eige klima- og miljøarbeid.

Verbalforslag

4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følge opp vedtaka frå budsjett 2015 om ein felles billett for ferje, buss og tog, og ein mer fleksibel ordning for skoleskyss.
5. Fylkestinget ser fram til den komande strategien også for infrastruktur for hydrogenbilar tilsvarande strategi for el-bilar, nemnt i PS 15/88 og vil kome tilbake til konkret satsing når forslaget er klart.
6. Fylkestinget er ikkje nøgd med framdrifta i arbeidet med el-ferjer, og ber om fortgang.
7. Fylkestinget vil sette igong prosjekt for fleksibel kollektivtrafikk i 2017, jfr fylkestingssak i oktober, etter forslag frå Miljøpartiet dei Grøne.
8. Fylkestinget vil tillate privat ekspressbuss Arendal - Kristiansand.

9. Fylkestinget vil legge solcellepanel på taket på fylkeshuset, slik Framstegspartiet har foreslått tidlegare, og ber om ny vurdering av dette. Full utnyttelse av solcellepanel på taket på fylkeshuset kan gi 322 MWh (drygt 300 000 KWh). Dei to beste taka kan gi 158 MwH i årsproduksjon - for å sette det i perspektiv er dette nok strøm for å ta ein vanleg elbil 25 gonger rundt jorda. Taka på fylkeshuset kan samla gjere at 250 elbilar kan køre 8000 km i året.

10. Aust-Agder fylkeskommunes klimarekneskap blir frå 2017 utvida til å inkludere innkjøp.

11. Aust-Agder fylkesting ber fylkesrådmannen kontakte kommunane i fylket, og i samarbeid utvikle ein modell for eit fylkeskommunalt tilskot/klimafond for kommunar. Modellen skal ha som mål å sette kommunane i stand til å gjere investeringar for å kutte i klimagassutslepp.

12. Aust-Agder fylkesting ønsker at alle nye tenestebilar skal ha nullutslepp av klimagassar frå 2017.

13. Fylkestinget ønsker ei sak om drosjeløyver øyremerka nullutslepps bilar i løpet av 2017.

14. Aust-Agder fylkeskommune føreset gjennom sin medlemskap i KLP at KLP til eikvar tid har gjennomgang av investeringane sine, og ved kontinuerlege forbetningsprosessar utviklar og styrkar sin investeringspolitikk og etiske retningslinjer knytt til menneskerettar, miljø og naturmangfold.

Fylkestinget ber rådmannen orientere KLP om Aust-Agder fylkeskommunes engasjement omkring KLPs investeringspolicy. Aust-Agder fylkeskommune framhevar også etiske retningslinjer med fokus på reduksjon i fossile investeringar, med alternative investeringar i fornybar energi.

15. Aust-Agder Fylkeskommune går i dialog med kystkommunene med tanke på å etablere flere bevaringsområder for å sikre bestandene av blant annet hummer og torsk.

Utdanning

Tiltak med budsjettkonsekvensar

16. Vitensenteret er viktig for talentsatsing og realfag. I perioden vil vi dekke utviklingskostnadene kr 670 000 til program som er ønskt av vidaregåande skolar, og vi vil dekke gjennomføringskostnadene kr 415 000 til "VitenPåHjul" rundt om på skolane. I tillegg kjem gjennomføring av undervisningsopplegg på kr 160 000 og transport til Vitensenteret Samla sett gir dette kr 620 000 pr år, av dette kr 125 000 i transport.

Verbalforslag

17. Fylkestinget vil ha ei utgreiing om satsing på blå linjer "Naturbruk blå" i vidaregåande skolar, om marint miljø og marinbiologi, gjerne i samband med den nye skolen i Tvedestrand. I tillegg bør det vurderast å rette inn elektrikarutdanning/læringar stadig meir til alternativ energiforsyning, pluss å vurdere solenergi/minianlegg på skolane.

18. Fylkestinget ønsket at OT-tiltakene/tilbudene må ges i alle deler av fylket. Dette gjelder svært dårlig fungerende elever, som vil ha lettere for å kunne delta om det ikke må ha lang reise vei i tillegg.

Folkehelse og tannhelse

Tiltak med budsjettkonsekvensar

19. Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne foreslår prøveprosjekt over tre og eit halvt år med ambulerande kjeveortoped, særleg til hjelp for ungdom med lang reiseveg for tannregulering. Vi foreslår én lisens for ambulering med et ambuleringstillegg på kr 1000 pr dag, pluss dekking av reise og opphold. Prosjektet bør få virke nok tid til at nye pasienter i 2017 får gjort ferdig behandlingen, og vi legger derfor opp til en evaluering etter 3,5 år.

20. Helsesøster/ny stilling fagperson psykisk helse.

Verbalforslag

21. Fylkestinget ønsker en sak der en vurderer konsekvensene ved å sette å investere i en buss med to fullstendige, moderne tannklinikkar som kan erstatte noen av de mindre klinikkkene i fylket.

22. Aust-Agder Fylkesting ber om at alle saker til politisk behandling skal ha eit kapittel hver med vurdering av konsekvensar for klima, folkehelse og likestilling.

Kultur og fritid

Tiltak med budsjettkonsekvensar

23. Den nye planen *Skape, dele, oppleve. Strategisk plan for kunst og kulturformidling i Aust-Agder 2016-2019* blei vedtatt i fylkestinget i oktober 2015. Planen er ei klar forbetring, og faktisk også eit brot med den dominerande festival/enkeltprosjekt-tenkinga i forrige plan. Den nye planen varsler om satsing på å **skape** kultur, støtte opp om **kulturarbeidsplassar** i fylket og i mykje større grad heilårsarbeid. I budsjettet for 2016 kom det likevel berre tilleggsvedtak nettopp om

festival/enkelttiltak-tenkinga som den samrøystes vedtatte planen ville bort frå. Vi foreslår meir pengar til samlepost til kulturformål, Sørnorsk filmsenter, Bomuldfabriken Kunsthall, Sørnorsk jazzsenter, Sørnorsk kompetansenettverk for rytmisk musikk, Bokbyen ved Skagerrak, Aust-Agder musikkråd, Norges Musikkorps Forbund Sør, Agder Kunstnersenter Sørlandsutstillingen, kulturstipend, kulturprisen, bygningsvernprisen, Agder historielag, Arendal kulturhus, Nordisk informasjonskontor, DS Bjoren, og tilskot til kunst- og kulturproduksjon.

24. Friluftsråda får auka tilskot til kr 5.50 pr innbyggjar. Dette gir ein budsjettauke frå kr 580 000 til kr 638 000.

25. Kyststiprosjekt blir styrka med kr 500 000 (i 2017, i tillegg til fylkesrådmannens forslag om kr 500 000 til friluftstiltak.

Verbalforslag

26. Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne vil styrke ordningane med støtte til kulturlokale, både i statsbudsjette, på fylkesplan og ved fordeling av spelemidlar. Vi ber om å få ei ny sak om korleis fylkeskommunen kan bidra til å auke tilskot til fleire typar kulturlokale, frå musikkbingar til kulturhus.

27. Aust-Agder fylkesting ber sentrale styresmakter avklare om vi vil få tildelt konsolideringtilskot for musea på linje med det andre fylke får. Om vi ikkje får tildeling bør Aust-Agder fylkeskommune ha ein gjennomgang av organiseringa.

Næring og regionale utviklingsprosjekter

Tiltak med budsjettkonsekvensar

28. Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne vil auke tilskot til entreprenørskaps-mobilisering (RUP Aust-Agder), og øyremerka dette tilskotet til fokus på grønne næringar.

Verbalforslag

29. Vi gjentar Venstres forslag for 2016 om framtdsretta tiltak i grønn og bærekraftig retning. 2/3 av innovasjons- og omstellingsmidlane fylkeskommunen har ansvar for framover skal gå til å styrke det grønne skiftet. Dette definerer vi som framtidige pengar som ikkje alt nå er bundne opp av langsiktige avtaler. Dette gjeld både utdanning og kompetansetiltak, samferdsle og støtte til innovasjon.

30. Det må leggast til rette for at fleire elevar på yrkesfag som ønsker det får læreplass ved at skolane blir styrka administrativt. Dette kan gjerast innanfor ramma. Behovet for og krav til lærlingplassar/lærekandidatplassar skal vurderast aktivt ved alle oppdrag for fylkeskommunen.

31. Fylkeskommunen inviterer Innovasjon Norge Agder og næringsorganisasjonane

(Bondelaget og Småbrukarlaget) til å gi ein status om overgang til lausdrift som viser innkomne søknadar og investeringsbehovet framover. Fylkestinget ønsker også å få vurdert å engasjere bygningskompetanse til å utgreie relativt detaljert oversikt over investeringsbehovet i Aust-Agder med tanke på lausdrift.

32. Fylkestinget ber om sak med sikte på etablering av ein "Agder Matpark" i samarbeid med Vest-Agder, kommunar og næringsaktørar. Matparken skal ha som mål å utvikle, fremme og synleggjere lokalprodusert mat frå Agder.

Finansiering

33. Venstre og MDG finansierer tiltakene i dette forslaget ved å endre prioritering av fylkesveier, nedjustert driftsfinansiering av fylkesveier, omprioritering av nyansettelser, udisponerte midlar av regionale utviklingsmidlar, disposisjonsfond og små summar som følge av utfasing av seniortiltak.

I busjettforslaget for 2016 la Venstre inn dei store forbetingane Venstre og Kristeleg folkeparti hadde fått til i forhandlingane med regjeringspartia.

Pr. 28. november 2016 veit vi ikkje kva som blir resultatet av budsjettforhandlingane. Vi vil derfor kome tilbake til endeleg finansiering.

Kai Olav Fredriksen, Miljøpartiet Dei Grøne
Sara Sægrov Ruud og Jan Kløvstad, Venstre